

Kirstine Prestmoen Tallerås

Per Syar/ Petter Såmar

I Folldal finst det fleire stakkar, sjal og votter som er sauma med fin rosesaum. «Dette er det ein kar som har sauma,» vart det fortald ved fleire høve når me registrerte gamle klesplagg i bygda. Per Syar kalla dei karen. Kven var så denne Per Syar? Me spurte fleire og etter kvart kom det fram opplysningar om den flinke handverkaren.

Det viste seg at om somrane heldt han til inni fjella mellom Folldal og Oppdal og gjette fe for dovringar og folldøler, så det var om vintrane han fór ikring i bygdane rundt Dovrefjell og sauma, strikka og broderde. Han virka både i Oppdal, Kvikne, Folldal, Dovre, Vågå og andre bygdar i Gudbrandsdalen.



Det eigentlege namnet hans var Petter Nilsen og han var opprinneleg frå Sverige. Han var fødd i 1842 (ell. 1844). Når han kom til Norge og Gudbrandsdalen, er ukjent, men i eit vitneavhør i 1907 seier han at han tok til med gjetinga i Austfjellet 33 år tidlegare, dvs. det må ha vore kring 1874. Da gjette han fe for dovringane Hans E. Bjørnsgard, Ole Ekre og Laurits Landheim, dessutan for Ivar Faldet frå Folldal. Han hamna da bl.a. ved Einståkalægret. Han låg på fleire læger og på Svånålægret låg han mykje. På Kongsbekk-lægret låg han også og gjette. Det er fortald at han var på Kongsbekken også om vinteren og da budde han i lag med ei jente. Ho skulle vera frå Kvikne og hadde vore forlova med ein av dei rikaste gutane i bygda, men ho vraka han og valde å leva i fjellet med Per Syar. Dei hadde ei ku, ein ukse og nogre geiter. Men livet i fjellet var eit hardt liv som ikkje alle tola, så jenta vart både halt og skakk av gikt, og fann vel til slutt ut at ho hadde gjort eit dårleg val. Petter Nilsen døydde iallfall som ugift.

På Dovre vart han kalla Petter

Understakke sauma av Per Syar. Privat eige.

Såmar. Når han var der, heldt han til i ei lita stugu på Nestgard'n. Ved vitnavhøyret i 1907 kallar han seg Petter Nilsen Lillehaug, så han budde nok fleire stader. Når han sauma for folk, budde han rundt om på gardane slik det var vanleg for handverkarane. Da han døydde, budde han i ei lita stugu nedst i Bjørnsgardsjordet.

Når han var i Follidal, budde han einsleg i ei lita stugu oppved Søhovda, Lykkja kalla. Der hadde han eit lite fjøs med ei ku, men den vart det heller skralt stell med. Difor kom det besøk frå øvrigheta som snakka til han for dette og framandkaren rista Per Syar litt i skuldra. Per kom da til å sleppa eit par små. «Ja, nå kan du høyre koss det knåkkå ti kneom mine,» sa Per.

Dei siste åra sine levde Petter på Dovre. Han døydde av kreft på Amtsjukehuset på Lillehammer 31. januar 1911, nær 70 år gamal, og vart gravlagt på Dovre kyrkjegard. Men minnet om han lever ved alle dei fine broderte klesplagga og teppa som er att etter han.



Ullsjal sauma av Per Syar. Privat eige.



Votter strikka og sauma av Per Syar. Privat eige.

Informantar:

Syver Andgard, Dovre (1897-1990)
 Brit Ståland (1905-1995)
 Brit Slette, Dovre (1903-1995)
 Klara Hansen, f. 1911
 Astrid Slåen, f. 1933
 Maria B. Dahlen, f. 1924

Litteratur:

Kyrkjebøker frå Dovre
 Årbok for Gudbrandsdalen 1951
 Høgfjellkommisjonens kjennelse 1938

Adresse:

Kirstine Prestmoen Tallerås, Dalholen.